



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

07.11.2024

Vår ref:

2024/13807

Dykkar dato:

17.09.2024

Dykkar ref:

202409861

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om uttak av vatn frå Berstadvatnet i Stad kommune

Berstad vassverk vil etter vår vurdering få akseptable konsekvensar for naturmiljøet. Vi legg til grunn at tiltaket blir utført med minst mogleg nye varige naturinngrep.

Vi viser til høyring av konsesjonssøknad for uttak av vatn frå Berstadvatnet til drikkevassføremål. Vi seier oss leie for at vi er seine med å svare.

Kva søknaden gjeld

Stad kommune ønskjer å etablere eit nytt vassverk med Berstadvatnet som vasskjelde. Dette er den einaste moglege vasskjelda som kan forsyne områda rundt Moldefjorden med tilstrekkeleg vatn i åra som kjem. Vassbehovet vil auke på grunn av Stad skipstunnel, og det vil òg vere behov for brannsløkkevatn i forsyningsområdet. I tillegg til å forsyne områda rundt Moldefjorden er det også planlagt å nytte Berstadvatnet vassverk som reservevasskjelde for Selje vassverk, som manglar reservevassløyising i dag. Samstundes vil Selje vassverk vere reservevasskjelde for Berstadvatnet vassverk.

Det er planlagt eit gjennomsnittleg vassforbruk på 5,2 liter/sekund, maksimalt vassuttak på 30 liter/sekund, og minstevassføring på 36 liter/sekund, tilsvarande alminneleg lågvassføring. Nødvendig reguleringshøgde er vurdert til 0,5 meter. Det er ikkje planlagt å etablere dam.

Høyringa gjeld vassuttaket og inngrep knytt til inntaket, vassrøyret og vassbehandlingsanlegget. Konsekvensutgreiinga har vurdert at naturtypen elvevassmassar vil bli negativt påverka av redusert vassføring, men at naturtypar i sjøen utanfor munninga, ålegraseng og blautbotnområde, ikkje vil bli påverka av eit drikkevassuttak slik det er søkt om. Vandringa av ål og sjøaure i Storelva vil bli ivareteke, og det er venta ubetydeleg påverknad på fisken. Det er heller ikkje venta at aure frå andre nærliggjande elvar som bruker Moldefjorden som eit økologisk funksjonsområde vil bli negativt påverka av vassverket.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Figur 1: Situasjonsplan for utbyggingsområdet, henta frå konsesjonssøknaden. Kjelde: Nordplan.

Vår vurdering

Vassuttak til drikkevassføremål har høg prioritet opp mot andre samfunnsinteresser, men ei utbygging må ta omsyn til naturmiljø og følgje rettsprinsippa i naturmangfaldlova.

Vassuttaket vil redusere vassføringa i Storelva, men ikkje i en slik grad at det er venta konsekvensar for sjøaure eller ål. Planlagt minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring er eit viktig avbøtande tiltak for å ivareta vasslevande fauna og flora.

Berstadvatnet ligg idyllisk til med lite synlege inngrep, ut frå flyfoto og bilete i søknaden. Det er ikkje planlagt noko demning, men det må etablerast måleutstyr for vasstand/vassføring og skilting for allmenta. Det vil dermed likevel bli nokre inngrep ved utløpet av vatnet. Vassrøyrret skal leggjast i ei 60 centimeter brei grøft, og anleggsarbeidet krev eit 15 meter breitt ryddebelte. Røyrret skal leggjast i lausmassar der det er mogleg, og terrenget vil bli reetablert når røyrret er lagt.

Vi legg til grunn at tiltaket blir utført minst mogleg nye naturinngrep, at alle tiltak blir godt tilpassa terreng og landskap, og at området blir stelt til att i tråd med moderne prinsipp for istandsetjing. Vi legg til grunn at avbøtande tiltak som er tilrådd i KU blir vurdert og teke inn som konsesjonsvilkår der dette er eigna.

Det er registrert uønskte framande artar i området; både parkslirekne og platanlønn har særskild høg spreingsrisiko. Utbyggar må vurdere tiltak for å hindre vidare spreing av desse artane.

Dei store friluftsinnteressene knytt til vassdraget er omtalt i konsesjonssøknaden. Det går fram at ein historisk pilegrimsveg gjennom Berdalen vil bli teke omsyn til. Vi reknar med at friluftsansjonar eller lokale høyringspartar eventuelt vil kommentere friluftsinnteressene nærare.



Det er planlagt å utarbeide ein massehandteringsplan. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243, og ressurspyramiden for overskotsmasse.

Vi minner om § 7 i forureiningslova om å unngå forureining.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent